

Høyringsinnspel

Etter kvart har det vorte mange utfordringar for reinen og situasjonen er no kritisk. I 2014 var stamma på ca. 11000 dyr og i dag er antalet omlag 3500. Sjølvdauinga er alt for stor. Reinen må få fred og moglegheit til å velja beite sjølv og her må me setja begrensingar på menneskeleg ferdsel. Allemannsretten må vurderast i desse områda som kallast nasjonalpark. Dette er ville dyr noko som fleire i forvaltninga ikkje forstend.

I vinter gjekk villreinnemda inn for å stoppa snøskuterkjøringa etter påske og stenging av DNT-hytter fram til fyrste august. Dette gjekk Tilsynsutvalet i Vestland imot . Då kan ein spørje seg kor den lokale kunnskapen er som så varmt vert hegna om.

Det er ein unik moglegheit for å få eit større samanhengande villreinområde med lang tunnel på E134, Haukelifjell. Området er i dag ikkje lenger egna for reinen då her er veldig mykje toppturist. Nord for E134 ligg Nupsegga og Sandfloegga som er dei høgaste områda på Hardangervidda. Dette er svært viktige områder på varme dagar, men reinstrekket frå aust til vest blir avskore av DNT-stien frå Haukeliseter til Hellevass. I områda rundt er det kalkholdig grunn og følgeleg gode beiter. Eit nyare problem som har kome i vegen for reinstrekk over Kvenna, er padling. Det passerar fleire kanoar kvar dag og dette må stoppast då dyra reagerar på ferdselen både på vatnet og teltinga dette medfører nedover Kvennedalen.

Området Haukeliseter, Hellevass, Litlos, Valldalen (Middalsbu) og tilbake til Haukeliseter, fyller alle krava til eit fokusområde. Eit fokusområde er eit avgrensa areal innanfor villreinområdet som har spesielle forvaltningsmessige utfordringar, der forvaltninga kan arbeide konkret og målbevisst med å finne løysningar. Vårt ynskje er at dette skal bli eit fokusområde.

Ein får inderleg håpa at det vert teke tak for å berga reinen.

Me nemner ikkje CWD som er alvorleg, men tek tak i andre utfordringar som er råd å gjera noko med då lovverket finns og bør nyttast.

NINA-rapport 1903 seier mykje. Her må forslag til tiltak takast alvorleg. Stenging av DNT-hyttene Hellevassbu, Litlos, Tyssevassbu, Torehytta, Hadlaskard og Lågaros må setjast ut i live skal me bevare reinsdyra.

Jan Øvregård

Per Jan Sandven

Nils Ove Hauge

Reidar Hauge